



Saksdokument

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Vurdering - ny fartsforskrift Eivindvik hamn

Vedlegg:	Dok.ID
Pålegg om skilting av kommunale fartsgrenser i sjø	255280

Bakgrunn for saka:

Myndigheit til å fastsette fartsgrenser på sjøen er delt mellom Kystverket og kommunane etter hamne- og farvasslova § 7 og § 8:

Kystverket regulerer fart for fritidsfartøy i hovud- og biled og for næringsfartøy. Kommunane regulerer fart for fritidsfartøy i kommunen sitt eige sjøområde.

Kystverket har no vedteke ny forskrift om statlege fartsgrenser på sjøen som gjeld i 39 av dei ca. 95 kommunane som har lokale fartsforskrifter i dag. I desse 39 kommunane foreslår Kystverket å vidareføre heilt eller delvis deler av dagens kommunale fartsgrenser, og desse vil gjelde ved sida av eventuelle kommunale fartsforskrifter fastsett etter hamne- og farvasslova § 8. I dei øvrige kommunane vert det ikkje vidareført regulering av fart for verken næringsfartøy eller fritidsfartøy i hovud- eller biled. Her vert det difor opp til kommunen åleine å vurdere regulering av fritidsfartøy i kommunen sitt sjøområde.

I ny forskrift om statlege fartsgrenser på sjøen gjeldande frå 1.1.2022 er det ikkje gitt eigne fartsgrenser i Gulen.

I lokal forskrift tilbake frå 1979 er det regulert fart i eit område i Gulen,- Eivindvik. <https://lovdata.no/forskrift/1979-11-12-3232>

Lokal forskrift er oppheva frå 1.1.22. Kommunen må no vurdere om det skal fastsettast ny lokal forskrift som då berre vil gjelde for fritidsfartøy.

Saksvurdering og konklusjon:

Etter gjennomført overordna ROS i kommunen i 2019 var eit av initiativa at vi skulle auke merksemda på tiltak for førebygging og sjøtryggleik. Det vart då vurdert at fartsreguleringar som inkluderer næringsfartøy kunne vere eit av fleire tiltak. Administrasjonen såg føre seg at dette skulle basere seg på ein heilskaplege vurdering, og at det skulle skje i samarbeid med andre kommunar t.d. gjennom

arbeidet i politisk råd (Kystrådet) for kommunane, Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Vågsøy, Bremanger og Selje.

I ny forskrift om statlege fartsgrenser på sjøen er følgande kommunar omfatta av fartsreguleringar: Aurland, Bergen, Bjørnafjord, Bømlo og Bremanger. Vegen fram for å nytte fartsregulering i vårt område som generell førebygging med omsyn til sjøtryggleik verkar då meir vanskeleg. Desse vurderingane må ein evt komme tilbake til seinare. I denne omgang er det naturleg å fokusere på området som har hatt ei regulering fram til 01.01.2022.

Administrasjonen vurderer at kommunen no i hovudsak har 2 val:

- 1) La nasjonale retningslinjer vere førande for all ferdsel.
Vel ein dette må kommunen fjerne eksisterande skilt innan fristen 1.6.2022.
- 2) Vedta ny lokal forskrift som då vil gjelde fritidsfartøy. Då må kommunen innan fristen 1.6.2022 vedta forskrift og supplere eksisterande skilt med underskilt «fritidsfartøy».

Administrasjonen vurderer det som naturleg at det vert vedteke ny forskrift som regulerer ferdsel for fritidsfartøy.

Forvaltningsorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før forskrift vert vedteke. I forvaltningslova er det difor sett krav til prosess knytt til utredning, førehandsvarsling og høyring/innhenting av uttale frå interesserte.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Kommunen lagar ny lokal forskrift «Forskrift om fartsgrenser på sjø for fritidsfartøy Eivindvik, Gulen kommune, Vestland fylke».